

ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN – 2023



ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN - 2023

ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN – 2023

Soknerådet _____	- 3 -
Gudstenester og kyrkjelege handlingar _____	- 5 -
Trusopplæring _____	- 8 -
Drifta av kyrkja og gravplassen _____	- 11 -
Økonomi _____	- 12 -
Temakveldar _____	- 16 -
Diakoninemda _____	- 18 -
Kyrkjebladet _____	- 19 -
Fitjar kyrkje sitt misjonsprosjekt _____	- 20 -

Fitjar, den 16.mai 2024

Svein Lunde
leiar i soknerådet

Anne Marie Røed
nestleiar i soknerådet

Tom Rydland

Anne Kristin skår

Håkon Rydland Sæbø

Mette Elisabeth Lambach

Bård Inge Bø

Kari Raunholm

Harald Rydland
kyrkjeverje

Olav Johannes Oma
sokneprest

Gisle Levåg
kommunal representant

ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN – 2023

Soknerådet

v/ Svein Lunde, soknerådsleiar

SAMANSETJING AV RÅDET

Fram til 15. november var desse med i soknerådet:

Svein Lunde, leiar
Anne Marie Røed, nestleiar
Wenche Andersen Helland
Sigrid Marie Fangel
Tom Rydland
Herman Inge Aadland
Håkon Rydland Sæbø
Aase Rygg Heskestad Nøttveit
Karin Maria Korsvik, fast vara
Olav Johannes Oma, sokneprest
Sigurd André Maraas, kommunal representant

Den 11. september 2023 var det val av nytt sokneråd for perioden 2023-2027.

Det nye soknerådet vart konstituert på møtet 15. november:

Det består av:

Svein Lunde, leiar
Anne Marie Røed, nestleiar
Tom Rydland
Anne Kristin Skår
Håkon Rydland Sæbø
Mette Elisabeth Lambach
Bård Inge Bø
Kari Raunholm
Lillianne Drønen Jæger, fast vara
Olav Johannes Oma, sokneprest
Gisle Levåg, kommunal representant

Kyrkjeverje Jan Overweg har vore med som sakshandsamar på alle møte i 2023.

Soknerådet har gjennom året hatt 11 møte.

Etter kyrkjelova skal det i kommunar med eitt sokn berre vera sokneråd. Dette rådet skal i

t tillegg til ordinære soknerådssaker ha dei oppgåvene som elles ligg til fellesråda i andre kommunar. Kommunen sin representant i rådet trer inn i dei sakene som høyrer til fellesrådet sitt ansvar.

Innkalling og referat frå møte er offentlege, og tilgjengeleg på kyrkja sine heimesider - kyrkja.no/fitjar.

MØTE I 2023:

19. januar
16. februar
23. mars
20. april
11. mai
15. juni
30. august
14. september
19. oktober
16. november
07. desember

Årsmøte med gjennomgang av årsrapport for 2023 vart halde søndag 26. mai - etter gudstenesta.



Foto: Torbjørn Hovland

ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN – 2023

ARBEIDET I RÅDET

Etter at det dei siste åra har vore mykje fokus på pandemi og spenning knytt til kva me kunne rekne med å få arrangert, vart 2023 eit år der me endeleg kunne planlegge og rekne med å få gjennomført planen. Naturlig nok hadde me ikkje det same oppmøtet på gudstenester og andre arrangement dette året som me hadde før pandemien. Trøysta får vera at dette ikkje berre gjeld i kyrkja. Det ser ut til at mange grodde litt fast i godstolen under pandemien, og slit litt med å rive seg laus og komme seg ut på arrangement anten det er i kyrkja eller andre plassar. Men me får gle oss over at det er auke i tala frå 2022 til 2023.

Med alt det gode arbeidet me har i kyrkjelyden, både frå alle våre frivillige og frå stab, vonar og trur me at auken vil halde fram også i 2024.

Kyrkjelydsfondet har vore ein gjengangar på årsmøta dei siste åra. I 2023 bestemte soknerådet at pengane skulle brukast til ein liten prosjektstilling for diakon og auke av kyrkjelydspedagog stillinga. Det kom diverre ingen søkjarar til diakonstillinga, og dei signal ein har fått når ein aktivt prøvde å rekruttere, er at det neppe vil vera mogleg å få søkjarar til ein så liten stilling. Soknerådet har difor bestemt at dei vil sjå på saka på nytt.

2023 var valår. Det ligg mykje arbeid bak å gjennomføre eit val på ein lovleg og god måte. Alle frå nominasjonsnemnd til dei som sat i vallokalet og tok i mot stemmer gjorde ein flott innsats. Men også administrasjonen leia av Jan Overweg, gjorde ein god jobb med å halde tak i alle trådar og få alt på plass til rett tid.

Resultatet vart ei utskifting av halvparten av medlemmane. Det må vel seiast å vera ei god løysing. Eg trur det er mange år sidan så mange har vore med vidare. Dei som gjekk ut



Foto: Torbjørn Hovland

har fått ei blomehelsing og velfortente takk under ei gudsteneste før årsskiftet.

Som kjent hadde vår faste kyrkjevevjerje Harald Rydland permisjon for å vera ordførar. Valresultatet i kommunevalet, gjorde at han ikkje fekk halde fram som ordførar og heilt på tampen av året kom han attende til stillinga som kyrkjevevjerje. Heldigvis held Jan Overweg fram i sin faste stilling som kantor. Også dette skiftet vart markert ved ei gudsteneste i desember der leiar i soknerådet takka Jan for innsatsen og overrekte blomar.

Til slutt, soknerådet sitt arbeid er avhengig av menneske med engasjement og vilje til å ta del i ulike oppgåver. Stor takk til stab og alle frivillige for innsatsen.

ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN – 2023

Gudstenester og kyrkjelege handlingar

v/ Olav Johannes Oma

Tilsette, råd og andre frivillige har i 2023 arbeidd hardt og målmedvite med å gjennomføra gudstenester, gravferder, vigslar, dåp, konfirmasjon og anna barne- og ungdomsarbeid med meir. Ein stor innsats er lagt ned, og vi er svært nøgde med alt godt arbeid som er gjort i ei utfordrande tid med å nå våre 2492 medlemmer (pr. 31.12.2023).

FITJAR KYRKJE	2023	2022	2021	2020	2019	2018	2017	2016
Døypte	30	36	24	25	20	25	39	37
Konfirmerte	27	36	34	35	41	41	41	34
Vigsel	5	5	5	6	8	4	7	12
Gravferd	21	23	28	38	27	13	21	32
Gudsteneste- deltakarar søn- og helgedagar	6537	6042	3734	3710	7963	8499	8940	9324
Gjennomsnitt frammøte på søn- og helgedagar	96/68	97/62	46/85		124/64	143/59	144/62	150/62
Gudstenester utanom kyrkjehuset	4	3	3	7	7	7		
Nattverd- deltakarar	2528/41	2065/36	1168/26	1025/20	2797/40	2933/38	3382/35	3781/41
Utmelde/ innmelde	7/2	9/0	7/4	6/2	7/3	7/0	21/3	26/8
Kyrkjeoffer	420028	359289	251744	239766	417471	416255	544417	425154
Gjevarteneste og andre gåver	155829	189.784	166.420	188.600	246.199	277.563	670.290	639.929

Vi følgjer gudstenesteplanen for Fitjar som er vedteken av biskop. Det betyr gudsteneste kvar søn- og heilagdag i soknet. Dei alle fleste av gudsteneste har vore i Fitjar kyrkje. I tillegg har vi hatt utegudstenester i Dåfjorden, ved Kidnavatnet, i Årskog og i Kråko, og på leir både på Helgatun og Solgry.

ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN – 2023

Gjennom heile året har vi hatt månadlege gudstenester på Fitjar bu- og behandlingssenter / Havnauset. Håkon Hartvedt har hatt månadlege møter same staden. Skulegudstenester vart gjennomført som normalt både til påske og jul. I staden for barnehagegudsteneste vart det gjennomført julevandringar med alle barnehagane. Dette er godt teke imot. I 2023 var det 21 gravferd i kyrkja.

I 2023 var det 21 gravferder i kyrkja.

Det har vore fem vigslar i Fitjar kyrkje. 7 personar meldte seg ut, og to melde seg inn.

Vi overfører dei fleste gudstenestene i Fitjar kyrkje på nett. Det viser seg at det er mange som følgjer oss på nett. Vi når dermed mange fleire enn dei som fysisk er til stades i kyrkja. Fleire som ser gudstenestene på institusjonane gir tilbakemelding om at dette er viktig. Det gir filminga eit diakonalt tilsnitt.

BARN- OG UNGDOMSARBEID

Vi har døypt 30 barn i 2023. Kor stor del dette er av dei fødte veit vi ikkje. Vi når mange med dåpen og det er vi glad for.

Vi har hatt god oppslutnad kring babysong, og småbarnssong. Mange kjem der før borna er døypte, mange av dei blir døypt, men ikkje alle. Det fortel og at me har laga ein meningsfull og god arena å vera saman på, og eit godt døme på at kyrkja opplevst som ein god stad å vera.

Kyrkja skal vera ein meningsfull arena for ungdom og unge vaksne. Av ungdommen så konfirmerte vi 27 i fjor vår. Til hausten var det 28 - av 43 niande klassingane - som ynskte å vera med på konfirmasjonsundervisninga. Det er berre 65% av årskullet. Til gjengjeld kan vi sei at det er eit flott kull som går.

Det er blitt tradisjon med ungdomsgudsteneste 2. juledag, der ungdom deltek med tekstlesing, tale, song og musikk, slik var det og i 2023.

Vi samarbeider og med Fitjar indremisjon om arbeid for tenåringane våre. Kvar fredag samlast kring 40 ungdommar på bedehuset til song og andakt, og til mat og leik frå kl.21-23. Eit rusfritt arrangement som går svært bra. Det er eit av dei viktigaste ungdomsarbeida som skjer på Fitjar inn mot helga.



TENESTER I KYRKJA

Der er mange som på ulikt vis deltek i det kyrkjelydsbyggande arbeidet - gjennom råd og utval, gjennom ulike tenester i kyrkjelyden, som kyrkjevertar, klokkar, kyrkjetenar, kyrkjekaffikokar, som medleiarar i trusopplæringsarbeid og søndagsskule.

Gjevartenesta har det ikkje vore satsa særskilt på siste åra, men her kom likevel inn drygt 104.000. I kyrkja vart det samla inn 420.000 vel 60.000 meir enn året før.

KULTUR

Kunst- og kulturuttrykk skal vere ein vital del av den lokale kyrkja, og ein vil utvikle samarbeidet mellom kyrkja og det lokale kunst- og kulturlivet. Det vart arrangert temakvelder og konsertar, både med lokale og andre aktørar. Temakveldgruppa gjer eit godt arbeid i kyrkjelyden.

ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN – 2023

Elles arbeider gudstenesteutvalet med å inkludera menneske i gudstenestelivet. Svært mange har vore med og deltatt gjennom året.

Ved juletider samarbeidde vi med Indremisjonen, Fitjar IMF og Frelsesarmeen om å køyra rundt med matkassar til dei som ynskte. Kring 30 kassar vart delt ut.

KYRKJA SAMARBEIDER MED ANDRE

Vi har vore på leir saman med Fitjar Indremisjon.

Kvar Kristi himmelfartsdag har vi i over 80 år arrangert fellesmøte/gudsteneste saman med Indremisjonen på Fitjar.

Ved utkøyring av matkassar til jul har me samarbeidd med Frelsesarmeen, og Fitjar IMF i tillegg.

Kyrkje – skule samarbeidet. Her har vi skulegudstenester før jul og påske, desse har god oppslutnad, og har ikkje vore stilt spørsmål ved på ei tid.

Til jul gjennomførte vi julevandring med barnehagane i staden for barnehagegudsteneste. Alle barnehagane

deltok og dei gav gode tilbakemeldingar på det som skjedde. Vi synst det var kjekt

KYRKJA SITT DIGITALE NÆRVÆR

Vi er ein av få kyrkjelydar i Bjørgvin som gjennom heile året har sendt gudstenester digitalt. Og framleis er det ein god flokk sjåarar som føl sendinga direkte, og i løpet av det fyrste døgeret blir det som oftast opp mot 100 sjåarar. Så kvar søndag når vi ut til ein god flokk i tillegg til dei som er i kyrkja.

(I Bjørgvin bispedømme si årsmelding for 2022 kan ein lesa ein detaljert analyse av betydninga av streaming for gudstenestedeltaking.)

Som prest er eg glad for den vesle men gode staben eg får vera ein del av. Her er det stor arbeidsvilje og mykje kreativitet. Som tidlegare sokneprestar har skrive:

Takk også til sokneråd, nemnder og mange andre mange frivillige som har stått saman med oss med å spreia budskapet om den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus.



Foto: Torbjørn Hovland

Trusopplæring

v/ Randi Lønning Matre og Elisabeth Søndena Oma

AKTIVITETAR GJENNOM ÅRET

Trusopplæringa i kyrkjelyden tok utgangspunkt i trusopplæringsplanen som er godkjent av soknerådet og biskopen.

Tiltak	Namn	Deltakarar 2023	Av inviterte	Deltakarar 2022	Av inviterte	Deltakarar 2021	Av inviterte
B0	Dåp	30		28		19	
B1	Babysong	32	86%	21	140%	15	60%
B2-4	Småbarnssong	34	52%	33	51%	22	30%
B4	4-årsbok/kyrkjevandring	15	66%	17	100%	25	71%
B5	Den gode gjetar	11	58%	16	43%	10	34%
B6	Barnas påskefest	12	32%	18	62%	20	71%
B9	Tårnagent	18	56%	10	42%	22	71%
B11a	Lys Vaken	15/3	47%/9%	Utsett		13	36%
B11b	Båten 10-11 år			20	32%	11	38%
B15	Konfirmasjon	27	87%	36	90%	34	94%
B13-18	Tentreff	67	31%	73	32%	35	
B15-18	Vidare 15-18 år	25	17%	21	13%	20	13%

MEIR OM ARBEIDET

«Med Jesus i båten» er namnet på Trusopplæringsplanen i Fitjar kyrkje - eller forkorta til «Båten»

Det store målet i trusopplæringa er å gi vidare bibelforteljingane til barn og unge, slik at dei kan kjenne seg trygge i kyrkjekipet gjennom heile livet.

Mange flotte uløna medarbeidarar er med i dette viktige arbeidet. Og dei er gull verdt!

Trusopplæringa er frå 0-18 år, der babysong er det første tiltaket etter dåp.

BABYSONG

Babysong har hatt stabilt oppmøte i 2023. Mange kjem med babyane sine til songstund på Fitjar bedehus. Babysong er for babyar mellom null og over eitt år saman med ein vaksen. Alle som er heime med baby er hjarteleg velkomen. Det er godt måltidsfellesskap og god stemning. Fleire har hatt høve til å vere med 2 semester. Gode medarbeidarar er med i arbeidet.

ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN – 2023

SMÅBARNSSONG

Småbarnssong har hatt jamn oppslutnad gjennom året, og fleire gir uttrykk for at dei set pris på samlingane. Me er fleire som er med og driv småbarnssong.

4-ÅRSBOKA OG UNDRETUR

4-Årsboka og undretur vart gjennomført slik me pleier. Og det var ein flott gjeng med 4-åringar i kyrkja, både på undretur og på familiegudsteneste. Dei fleste som var invitert var også på gudstenesta og fekk bok! Her er det eit flott samarbeid med Fitjar søndagsskule.



Foto: Tor Martin Søndena

DEN GODE GJETAREN

Den gode gjetaren er for dei som vert 5 år. Der dei leiker, høyrer bibelforteljinga om «den gode gjetaren» og et i lag.

Det var ein fin gjeng 5-åringar som deltok dette året.

BARNAS PÅSKEFEST

Barnas påskefest er ei samling for dei som vert 6 år kor dei får høyre bibelforteljinga om Barrabas og får utdelt boka «Tre i eit tre».

Det var 12 born som møtte opp og det var ei fin samling.

TÅRNAGENTHELG

Tårnagenthelga vart gjennomført saman med frivillige vaksne og ungdommar. Det var bra oppslutnad av agentar og fleire føresette stilte opp for å hjelpe til.

LYS VAKEN

Lys Vaken vart arrangert to gonger i 2023, då arrangementet som skulle vore i 2022 vart utsett til januar 2023, og det i tillegg vert arrangert i november 2023, då for første gong utan overnatting.

På samlinga i januar var det 15 deltakarar, mens samlinga i november hadde få deltakarar med kun 3 stk. Det kan ha samanheng med andre ting som skjedde i bygda same helg, og at dei ikkje vart invitert til å overnatte

TEN-TREFF

Kyrkja driv, saman med Fitjar indremisjon, Ten-treff for ungdomar i alderen 13 år og oppover. Eit rusfritt tilbod til ungdom på fredagskvelden. Det er ein halv time med møtedel. Deretter er det matøkt, og den siste timen ulike aktivitetar, både i kjellaren og oppe! Eit positivt tiltak med aukande oppslutnad utover året!

KONFIRMANTARBEIDET

Konfirmantarbeidet er ein stor del av trusopplæringsarbeidet i kyrkja. Oppslutnaden er framleis høg på Fitjar i høve andre sokn det er naturleg å samanlikne oss med.

Konfirmantarbeidet vert drive av prest og kyrkjelydspedagog. Det er også mange ulike frivillige med i arbeidet. Bygdekvinnelaget lagar rundstykke og dekker bord til eit måltid når ungdomane kjem frå skulen. Mange føresette gjere ein flott innsats ved ulike høve, som lysmesse, skidag og fasteaksjonen.

ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN – 2023

VIDARE

«Vidare» er ei samling for ungdom ein gong i månad. Programmet er mat, prat, undervisning og samtale. Det er leik eller aktivitet til slutt. I haust måtte diverre ein del av samlingane avlysast, som gjorde at nokre av ungdommane falt av og oppslutnaden på samlingane vart synkande.

ANNA ARBEID I TRUSOPPLÆRINGA

Ein viktig del av trusopplæringsarbeidet er å ha familiegudstenester. I Fitjar kyrkje er det familiegudsteneste om lag ein gong i månad.



Foto: Ole Sandvik

SKULE- KYRKJESAMARBEIDET

Me har eit godt samarbeid med alle skulane. Skulegudsteneste vart gjennomført til jul for barneskulane og ungdomsskulen.

Me inviterte dei eldste i alle barnehagane til påskevandring før påske og til julevandring før jul. Dette starta me med i 2022 som ei erstatning for barnehage-gudstenestene. Vandringane har vore svært godt mottekne

PLANAR FRAMOVER

Det er nokre år sidan planen vart skriven. Og det er signalisert frå bispedømekontoret at det er tid for revidering. Dette har vore planen å jobbe med ved fleire gonger i løpet av dei siste åra. Men av diverse grunnar har det diverre ikkje vore tid til revidering. Planen framover vil

framleis vera å jobbe med revideringa av trusopplæringsplanen vår i trusopplæringsutvalet.

BAKKEN BARNEHAGE

Bakken barnehage er Fitjar kyrkjelyd sin barnehage. I vedtektene står det: «Fitjar soknerådsbarnehage vil vera med å gi barna kunnskap, erfaring og oppleving av kristen tru og tradisjon..». Eigar er Stiftinga Fitjar soknerådsbarnehage og det er soknerådet som oppnemner styret for stiftinga.

Barnehagen har 3 avdelingar med til saman 72 plassar for born i alderen 0-6 år . Eit barn under 3 år tel for 2, så tal på born i barnehagen varierer med alderen på borna. Kvar avdeling har 24 plassar (småbarnsavdelinga har 12 plassar) og bemanninga er 4 årsverk pr. avdeling.

Kyrkja har til vanleg eit møtepunkt med Bakken soknerådsbarnehage omtrent ein gong i månad. Dette har vore redusert dette året, men nokre møtepunkt har me hatt. Me har vore på besøk i Bakken barnehage og dei har vore på besøk i kyrkja.



Drifta av kyrkja og gravplassen

v/ kyrkjeverje Harald Rydland

PERSONAL

I 2023 har me hatt desse medarbeidarane i kyrkjestaben:

Sokneprest Olav J. Oma

Kyrkjeverje, 35%, Jan Overweg (fram til 30. november)

Kyrkjeverje, 50%, Harald Rydland (frå 1. desember)

Kantor, 65%, Jan Overweg

Kyrkjelydspedagog, 80%, Randi Lønning Matre (90% frå 1. september)

Kontomedarbeidar, 40%, Elisabeth Søndena Oma

Kyrkjegardsarbeidar / vaktmeister, 50%+30%, Kjetil Hagevik Ragde

Pr. 31. desember 2023 er det i Fitjar sokn 3,25 årsverk. Soknepresten, som vert løna av bispedømet og har full stilling i Fitjar, kjem i tillegg. Det har vore fleire endringar i tilsetjingsforhold gjennom året. Som kyrkjeverje vil eg retta ei stor takk til alle dei tilsette for framifrå innsats gjennom året 2023. Arbeidet i kyrkjestaben er prega av godt samarbeid, stor arbeidsglede og godt humør.

KYRKJEBYGGET

Fitjar kyrkje som vart bygd i 1867, er trass i høg alder i heller god stand med moderate vedlikehaldsbehov. Dagleg tilsyn og vedlikehald vert utført av ein allsidig og dugande vaktmeister. Frå tid til anna vert det og arrangert dugnader der engasjerte frivillige er med på å stella godt med kyrkjebygget og inventaret.

GRAVPLASSEN

Drifta av gravplassen vert for det aller meste utført av vår eigen medarbeidar Kjetil Hagevik Ragde. I skuleferien har me hjelp av unge vikarar som hjelper til med å halda gravplassen fin og velstelt gjennom sommaren. Det er mange som tek turen innom gravplassen i løpet av året, for å sjå etter grav, for å stella, eller for å finna ro.

I 2023 vart den nye parkeringsplassen ved Sjøsbrekko teken i bruk. Der er det plass til 7 vanlege bilar og ein parkeringsplass er reservert for rørslehemma.

Soknerådet har sett ned ei gruppe av frivillige som skal gje råd om investeringar og andre tiltak som gjeld kyrkjebygget og gravplassen. Grappa er samansett av kyrkjeverja, Eilif Bjørge, Tom Rydland og Rasmus Fitjar. Grappa har sett på fleire tiltak som bør gjennomførast i tida som kjem. Dei prosjekta som ligg fremst i løypa er etablering av fleire kistegraver og minnelund for urnegraver. På slutten av året starta planlegginga av arbeidet med å få fleire kistegraver på det som me kallar for F-feltet. I løpet av 2024 skal arbeidet vera i gong.

ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN – 2023

Økonomi

v/ kyrkjeverje Harald Rydland

Arbeidet med den økonomisk forvaltninga av kyrkja og gravplassen føregår i eit tett samarbeid mellom kyrkjeverja og økonomiavdelinga i kommunen.

Kyrkja sin rekneskap er for 2023 gjort opp med eit underskot på kr. 10.504.

Når det gjeld balansen, står det no kr. 1.017.864 i bundne fond. Soknerådet og kyrkja legg opp til å utvida lista over bundne fond gjennom ei eiga sak i 2024. Dette for å sikra at øyremerkte gåver som ikkje vart brukte opp i 2023, vert sett av og kan brukast til føremålet eit seinare år.

Disposisjonsfondet er på kr. 1.409.378. Det er soknerådet som til ei kvar tid avgjer kva disposisjonsfondet kan nyttast til. Med det omfattande ansvaret soknerådet har for den daglege drifta av kyrkja og gravplassen, er det viktig å ha ein god økonomisk buffer dersom uforutsette forhold skulle inntreffa.

Flere detaljer om rekneskapan er å finna i tabellane på dei neste sidene.



ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN – 2023

RESULTATREKNESKAP

	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Rekneskap 2022
Inntekter			
Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinntekter	-250 293	-425 000	-609 730
Refusjon / overføring	-575 205	-550 000	-611 678
Statlege tilskot	0	0	-45 000
Rammeoverføring / tilskot frå eigen kommune	-2 677 850	-2 677 850	-2 417 950
Andre tilskot, gåver, innsamla midlar	-619 246	-486 000	-606 477
Ekstraordinær inntekt	0	0	-97 011
Sum driftsinntekter	-4 122 593	-4 138 850	-4 387 845
Utgifter			
Løn og sosiale utgifter	2 776 117	2 388 800	2 598 362
Kjøp av varer og tenester	847 464	1 146 050	969 653
Refusjonar / overføringar	429 205	480 000	462 652
Tilskot og gåver	271 779	210 000	265 853
Sum driftsutgifter	4 324 565	4 224 850	4 296 519
Brutto driftsresultat	201 972	86 000	-91 326
Renteinntekter og utbytte	-68 800	-16 000	-27 076
Renteutgifter og låneomkostningar	526	0	200
Netto finansinntekter / -utgifter	-68 274	-16 000	-26 876
Avskrivningar	276 441	300 000	285 610
Motpost avskrivningar	-276 441	-300 000	-285 610
Netto driftsresultat	133 698	70 000	-118 201
Interne finanstransaksjonar			
Bruk av disposisjonsfond	-10 504	-70 000	0
Bruk av bundne fond	-129 104	0	-54 288
Sum bruk av avsetjingar	-139 608	-70 000	-54 288
Sett av til disposisjonsfond	0	0	58 921
Sett av til bundne fond	5 910	0	113 568
Sum avsetjingar	5 910	0	172 489

ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN – 2023

BALANSE

Balanse		31.des	31.des
		2023	2022
Eigendelar			
Anleggsmidler		8 760 491	8 599 111
527-529	Faste eigedommar og anlegg	8 478 776	8 322 871
524-526	Utstyr, maskinar og transportmidlar	169 678	173 237
521	Aksjar og andelar	112 037	103 003
Omløpsmidlar		3 079 061	3 103 195
513-517	Kortsiktige fordringar	196 758	282 849
510	Kasse, bankinnskot	2 882 303	2 820 346
Eigendelar		11 839 552	11 702 306
Eigenkapital og gjeld			
Eigenkapital		11 250 029	11 205 682
556-558	Disposisjonsfond	1 495 885	1 506 389
551-552	Bundne driftsfond	1 017 864	1 115 359
55970	Udekka i investeringsrekneskapen	-24 211	-15 177
55990	Kapitalkonto	8 760 491	8 599 111
Langsiktig gjeld		0	0
545-549	Andre lån	0	0
Kortsiktig gjeld		589 523	496 624
531	Kassakreditlån	0	0
532-539	Anna kortsiktig gjeld	589 523	496 624
Sum gjeld og eigenkapital		11 839 552	11 702 306

ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN – 2023

FOND OG OG BRUK AV AVSETJINGAR

	31.12.2022	Endring 23	31.12.2023
Fond gravfestemidlar	121 171		121 171
Orgel	3 000		3 000
Kyrkjelydsprest	643 364	-71 504	571 860
K. K. Rydlands legat	87 355		87 355
Gravlegater	260 469	-25 990	234 479
Sum bundne driftsfond	1 115 359	-97 494	1 017 864
Disposisjonsfond	1 506 389	- 10 504	1 495 885
	31.12.2022	Endring 23	31.12.2023
Udekket investering	15 177	9 034	24 211

Temakveldar

v/ Benedicte Meyer

I 2023 var det planlagt 8 temakveldar, men p.g.a sjukdom vart berre 7 gjennomførte. Vi ønskjer at så mange som mogleg skal få høve til å kjenna seg heime i kyrkja, også utanom dei ordinære gudstenestene. Målet er derfor som før å arrangera kveldar med låg terskel. Både innhald og form varierer, til dømes gjennom både foredrag og konsertar. Grunnlaget er alltid det same som kyrkja byggjer på, samstundes som vi og har kveldar med fokus på meir allmenne etiske spørsmål.

Temakveldane er lagt til siste torsdagen i månadene august-november og januar-april. Vi kan likevel justera om naudsynt p.g.a feriar/høgtider eller om medverkande ikkje har høve desse dagane.



PROGRAMMET 2023

Januar - Professor Magne Suphellen: "Kva er suksess? Kva er suksess i Bibelen?"
Februar - Utsett til november pga sjukdom
Mars - Konsert med Ytre Suløens Jassensemble
April - Konsert med domkantor Sigurd M. Øgaard og Laurie Robertson Øgaard, sopran
August - Konsert og opplesing med Edvard og Ine Hoem
September - Konsert "Folket sine tonar" med Bodil Eldhuset og Tore Hegdahl
Oktober - "Salmar til alle tider" med koret Ichtus frå Stord
November - "Haugianarane" Foredrag ved Brageprisvinnar Trygve Riiser Gundersen

No er vi 4 personar i gruppa: Eli N. Simonsen, Anne Britt Tornes, Kari Bjørndal og Benedicte Meyer. Me har planleggingsmøte 2-3 gonger i semesteret, og utover det nyttar vi epost og telefon. Etter kvart har vi erfart at det er naudsynt å ha programmet og avtalar klart i god tid, vi ligg ½-1 år i forkant. Artistar og personar vi ønskjer å få til Fitjar er ofte travle, og det er eit puslespel å få ting på plass.

Vi er glade for å ha fått med ein person til i gruppa, det er sårbart med berre 3 stk. Programmet i 2023 var nok bygt på same lesten som tidlegare, men kvar kveld er jo ulik dei andre. Elles ser vi at fleire og fleire av tilhøyrarane vel å betala med vipps, det gjer det praktiske arbeidet enklare når vi ikkje må handsama så store kontantbeløp.

ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN – 2023

PLANAR FRAMOVER

Vi ønskjer framleis variasjon mellom lokale krefter og gjester utanfrå, mellom verbale og musikalske kveldar, og vi er stadig på leit etter peronar og grupper som kan gje oss gode opplevingar på fleire plan. Programmet for 2024 er stort sett klart, og vi håpar og trur at mange vil finna noko å gleda seg ti



Temakveldgruppa. Foto: Torbjørn Hovland

ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN – 2023

Diakoninemnda

v/ Olav Johannes Oma

SAMANSETJING AV UTVALET

Annbjörg Stjern Tvedt, leiar

Grete Sætre

Inger Marie Gilje

Bodil Nesse

Hilda Gloppen

Halvard Wiik

Olav Johannes Oma, skrivar

AKTIVITETEN TIL DIAKONINEMNDA

- Organisere besøksteneste for dei som ynskjer det.
- Skipa til ein årleg dagstur.
- Blomehelsing til enke/enkemenn (næraste pårørande) etter dødsfall sist år. Presten/diakoninemnda var på nokre slike besøk i 2023.
- Blomehelsing til alle som fyller runde og halvrunde år frå 80 og oppover.
- Skipa til inspirasjonsfest med fagleg og åndeleg påfyll og blomepåskjøning til alle aktive besøksvenner.
- Delta i minnesamling laurdagskvelden før Helgemessesøndag og vera med i gudstenesta dagen etter.
- Arrangere «Open kyrkje». Her vart det gjennomført 9 samlingar.
- Arrangere «Kaffitreff» på kyrkjegarden..

OMFANGET AV ARBEIDET

Diakoninemnda hadde 5 møte i 2023.

I alt 35 personar fekk besøk og blomehelsing i samband med fødselsdagar i 2023.

Inkludert nemndmedlemene er det 13 frivillige besøksvenner som er engasjerte i arbeidet.

Ved utgangen av året var det 9 personar som fekk jamleg besøk.

Ein er elles kjend med at det også er ein del frivillige som tek på seg oppgåver utan å vera registrerte i Diakoninemnda sine system.

Nemnda har og vore med på fasteaksjonen, med på å laga roder, dela ut bøsser og tella pengar.

VIKTIGE HENDINGAR I ÅRET SOM GJEKK

Kyrkjelyden lyste ut stilling som 20% diakon på hausten, men fekk ingen søkjarar.

Nemnda fekk tildelt 25.000,- til diakonitur av Fitjar kraftlag.

PLANAR FRAMOVER

Diakoninemnda har ikkje konkrete planar om nye tiltak i 2024, men vil vera våken for å utvikla det arbeidet som alt er i gong.

Kyrkjebladet

Fitjar kyrkjeblad har kome ut med fem utgåver dette året.

Skrivning og innsamling av stoff til bladet vert gjort på dugnad. Trykking vert utført Kai Hansen Trykkeri og distribusjonen av SUDI.

Redaksjonen i kyrkjebladet var ved utgangen av 2023:

- Olav J.Oma, redaktør
- Rolf Atle Rølsnes
- Torbjørn Hovland
- Roald Drønen
- Karvel Strømme
- Herman Inge Aadland

Arbeidet med kyrkjebladet har gått etter planen. Innhaldet består av god informasjon om arbeidet i kyrkjelyden, gjennom «Nytt frå soknerådet», ulike reportasjar, intervju, stoff og artiklar frå lokalmiljøet. Me er takksame for gode, frivillige som gjer ein fin jobb i redaksjonskomiteen.

Kostnadane til trykking og distribusjon av bladet vert dekkja av gåver (kr. 12 710 i 2023) og inntekter frå annonsesal (kr. 49 900 i 2023). Bladet vert lagt i postkassane til alle husstandane og bedriftene i Fitjar. Bladet vert og lagt ut på heimesida til Fitjar kyrkje. Me takkar annonsørane og alle som har gitt ei gåve til bladet.



Fitjar kyrkje sitt misjonsprosjekt

v/ Herman Inge Aadland

FITJAR, EI MISJONSBYGD

Det er vel ingen som veit kor mange kroner folk i Fitjar gir til misjonsarbeid årleg, men summen er utan tvil høg. Mange misjonsorganisasjonar har sine eldsjeler i bygda, og dei skaper engasjement. Fitjar kyrkjelyd - representert ved soknerådet – er naturleg nok med i dette arbeidet. Kvart år vert det teke opp mange misjonsoffer til fleire misjonsorganisasjonar i gudstenestene. I tillegg har kyrkjelyden sitt eige misjonsprosjekt gjennom NMS. Dei siste 8 åra har Fitjar kyrkjelyd hatt eit varmt engasjement for Mali. Dette er eit godt og viktig prosjekt, og NMS er særst glade for engasjementet vårt. Engasjementet vert lagt merke til



Her er nokre resultat frå dei tre siste åra: I koronaåret 2021 sende me kr. 31.586. I 2022 kr. 67.560. I 2023 kr. 82.926. Og til no i 2024: kr. 21.948,-. Til saman blir det kr. 204.020 på tre år.

MALI TRENG OSS FRAMLEIS

I Mali bur det 22,2 millionar menneske. Om lag 3 millionar av desse tilhøyrer fulanifolket, som vår engasjement spesielt er retta mot. 94,5 % av folket i Mali er muslimar, 2,4 % er kristne. Mange muslimar er nyfikne på kristen tru og vil gjerne samtala med dei som driv misjon. Dei ser at den kristne trua får gode ringverknader. Eit godt eksempel er kampen mot kjønnslemlesting. NMS støttar elles kyrkjelydsbygging, landsbyutviklingsprosjekt, diakoni blant flyktningar, radioarbeid, bibelomsetjing m.m. Arbeidsfelleskapet i Mali består av misjonærar frå Noreg og fleire afrikanske land, saman med gode nasjonale medarbeidarar. Trass i stor politisk uro og mykje naud i landet er det ein fin optimisme i det kristne arbeidet.

NY MISJONSNEMND

Etter valet hausten 2023 har Fitjar sokneråd valt ny nemnd for kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt. Det er Sigrun Vik Nilsen, Eldbjørg Vikane og Herman I. Aadland. Me ynskjer å halda saka varm i åra som kjem, for dette brenn me for. Takk til kyrkjelyden for levande engasjement!

ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN – 2023

SIDE FOR EIGNE NOTATER:

ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN – 2023

SIDE FOR EIGNE NOTATER:

ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN – 2023

SIDE FOR EIGNE NOTATER:

ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN – 2023

Fitjar sokneråd vil retta ei stor takk til alle frivillige og tilsette som i 2023 har lagt ned eit stort arbeid for å nå målet i kyrkjelyden sin visjon:

«Nær menneske, nær Kristus»
